

Sjøliv barnehage
5384 Torangsvåg

&

Bekkjarvik maritime barnehage
5397 Bekkjarvik

Bekkjarvik 1.1.08

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Merknad til høyringsnotat om endringar av barnehageloven.

Som daglege leiarar i to nyoppstarta barnehagar er me svært skeptiske til forslaget om rammefinansiering og finansiering av ikkje kommunale barnehagar frå Kunnskapsdepartementet.

Ved at ein tar vekk den likeverdige handsaminga av kommunale og ikkje kommunale barnehagar og fjernar det øyremerkta tilskotet, vil mange barnehagar gå ei usikker tid i møte.

I kommunen vår har me i dag 1 kommunal og 7 ikkje kommunale barnehagar. Begge gjeldande barnehagar har vore kommunale fram til august 2006. Den kommunale barnehagen i kommunen har pr dags dato 30 heile plassar og dei ikkje kommunale barnehagane 91 plassar. Me har full barnehagedekning i kommunen.

Då våre barnehagar vart privatisert fekk me vita at me ikkje ville få noko kommunalt tilskot. Etter ei tid fekk me likevel utbetalt tilskot, og etter fleire klagar, som til sist endte hos fylkesmannen, fekk me auka tilskotet. Det ligg no ei ny klage på bordet til fylkesmannen gjeldande tilskotet for 2007.

Kommunen vår er ”fattig” og har stort underskot. Det er stadig nedskjeringar i både skule og helsesektor. Me er redd for at dersom kommunen skal få full råderett over tidlegare øyremerkta midlar, vil dette få store økonomiske konsekvensar for oss. I eit lite bygdasamfunn som her, er me og redd for at ”trynefaktoren” vil spela inn. Det kan vera vanskeleg å vera objektiv, og den som skrik høgast får mest.

Me jobbar kontinuerleg for å tilby eit kvalitativt tilbod. Fram til no har me fått gode tilbakemeldingar om at me lukkast i dette, og me vil gjerne bruka tida vår på å fortsetja utviklinga vår. Bekymringa vår er at me risikerar å bruka meir tid på å skaffa midlar for å sikra drifta vår økonomisk. Med nye, flotte lokaler og store lån, er me avhengig av den kommunale støtta.

Mvh
Sjøliv barnehage AS
Ann May S. Hevrøy
Dagleg leiar

Bekkjarvik maritime barnehage AS
Katja Kayser Djupevåg
Dagleg leiar